



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/1988-

14. oktober 2024

**Spørsmål nr 69 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Frank Edvard Sve til samferdselsminister Jon-Ivar Nygård**

**Spørsmål:**

Kan samferdselsministeren leggje fram ei spesifisert oversikt over forslaget til statsbudsjett frå regjeringa ang. forslaget på 481 million kr til fylkesvegane, fordelt mellom rassikring, tunellsikkerhetsforskrifta og sikring av bruer, og midlar til generelt vedlikehold av fylkesvegnettet?

**Svar:**

I all hovudsak vert fylkesveg finansiert gjennom fylkeskommunane sine frie inntekter, som stort sett består av skatteinntekter og rammetilskotet til fylkeskommunar. Investeringar i fylkesveg vert òg finansiert med mellom anna lån og bompengefinansiering. I 2023 var dei samla frie inntektene for fylkeskommunane på om lag 88,1 mrd. kr, og i same år brukte fylkeskommunane nærare 24,5 mrd. kr på drift, vedlikehald og investering på fylkesvegnettet. Av dette var i underkant av 12 mrd. kroner knytt til drift og vedlikehald.

Regjeringa har styrka fylkeskommunen sin samla økonomi ved å auke dei frie inntektene til kommunesektoren. Midlane som kjem i ramma til Nasjonal transportplan 2025–2036 utgjør kun ein liten del av midlane fylkeskommunane har til fylkesveg.

I dei økonomiske rammene i Nasjonal transportplan 2025–2036 er følgjande postar og saker til særskild fordeling (tabell C) i rammetilskotet til fylkeskommunar definerte til fylkesvegformål:

- Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar, post 60 Innbyggjartilskot: Tabell C-sakene, *Opprusting og fornying av fylkesvegnettet, Kompensasjon for forskrift om tunnelsikkerheit og Ras- og skredsikring fylkesveg*

- Kap. 1320 Statens vegvesen, post 61 Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka
- Kap. 1320 Statens vegvesen, post 64 Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport
- Kap. 1320 Statens vegvesen, post 65 Tilskot til fylkesvegar
- Kap. 1320 Statens vegvesen, post 67 Militær mobilitet på fylkesvegar

Regjeringa la i Nasjonal transportplan 2025–2036 opp til å avvikle tilskotsordninga Tilskudd til fylkesveier, og overføre midlane til tabell C-saka *Opprusting og fornying av fylkesvegnettet*. Dette er følgt opp i budsjettframlegget. Fordelinga mellom fylkeskommunane vert den same, men endringa reduserer dei administrative kostnadane både for fylkeskommunane og staten. Auken i midlar til fylkeskommunane kjem i tillegg til denne endringa.


Den årlege løyvinga til kap. 1320, post 61 Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka, er basert på rentenivået. I 2025 er det lagt til grunn rentekompensasjon for 4,0 prosent, og rentekompensasjonsordninga aukar med 74,7 mill. kr frå saldert budsjett 2024. Ordninga er regelstyrt og har derfor ikkje vore inkludert i omtalen av auken frå 2024 til 2025, sjølv om ordninga er inkludert i fylkesvegformål i Nasjonal transportplan 2025–2036.

Regjeringa foreslår å løyve 480,5 mill. kr meir til fylkesveg i 2025 enn i 2024. Dette er ein auke på 11,4 prosent frå 2024-budsjettet. Fordelinga går fram av tabellen under:

	<i>i 1 000 kr</i>		
	<b>Saldert budsjett 2024</b>	<b>Forslag 2025</b>	<b>Endring</b>
<b>Kap. 1320 Statens vegvesen</b>			
Post 61 Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka	376 000	450 700	74 700
Post 64 Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport	22 400	1 500	-20 900
Post 65 Tilskot til fylkesvegar	415 300	0	-415 300
Post 67 Militær mobilitet på fylkesvegar	-	50 000	50 000
<b>Sum Statens vegvesen, fylkesvegformål i Nasjonal transportplan</b>	<b>813 700</b>	<b>502 200</b>	<b>-311 500</b>
<b>Kap. 572 Rammetilskot til fylkeskommunar</b>			
Post 60 Innbyggjartilskot			
Tabell C: Opprusting og fornying av fylkesvegnettet	1 751 996	2 555 325	803 329
Tabell C: Kompensasjon for forskrift om tunnelsikkerheit	604 352	629 130	24 778
Tabell C: Ras- og skredsikring fylkesveg	941 816	980 430	38 614

<b>Sum Rammetilskot til fylkeskommunar, Tabell C, fylkesvegformål i Nasjonal transportplan</b>	<b>3 298 164</b>	<b>4 164 886</b>	<b>866 722</b>
<b>Sum fylkesvegformål i Nasjonal transportplan</b>	<b>4 111 864</b>	<b>4 667 086</b>	<b>555 222</b>
<b>Sum fylkesvegformål i Nasjonal transportplan, ekskl. post 61 Rentekompensasjon for transporttiltak i fylka</b>	<b>3 735 864</b>	<b>4 216 386</b>	<b>480 522</b>

Med helsing



Jon-Ivar Nygård